
Fra: Ola Midttun <Ola.Midttun@fiskeridir.no>
Sendt: 24. oktober 2014 14:59
Kopi: Postmottak Radøy
Emne: H-R-1 og H-R-17 Skjærgårdsfisk AS og H-KM-5 H-KM-22

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 14/4874
Dykkar referanse: 2014/19397
Vår dato: 23.10.2014
Dykkar dato: 01.08.2014

Att: Endre Korsøen

Elektronisk post

H-R-1 OG H-R-17 SKJÆRGÅRDSFISK AS OG H-KM-5 H-KM-22 OG H-R-18 LINGALAKS AS - SØKNAD OM UTVIDING AV MTB PÅ LOKALITET 11665 JIBBERSHOLMANE I RADØY KOMMUNE - UTTALE

Vi viser til brev av 01.08.2014 frå Hordaland fylkeskommune og søknad frå Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS om løyve til til utviding av MTB på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljø.

Vi kan ikkje sjå at ein utviding av MTB frå 2340 tonn til 3620 tonn på lokalitet 11665 Jibbersholmane kjem i berøring med utøving av fiske på bakgrunn av at det ikkje er søkt om endring av arealbruk. Trendanalyser som er gjennomført i driftsfasen tyder på at miljøtilstanden er god i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. Vi kan gå inn for ein utviding av MTB i samsvar med søknaden.

Om søknaden

Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS fekk 06.06.2014 løyve til utlegging av nytt anlegg på lokalitet Jibbarsholmane bestående av 8 merder, kvar med ein omkrins på 160 meter. Dei to selskapa søkjar no om løyve til utviding av maksimalt tillatel biomasse (MTB) frå 2840 tonn til 3620 tonn.

Vår vurdering

Fiskeriinteressar

Fiskeridirektoratet region vest har vurdert konfliktpotensial med fiske i høve til tidlegare søknad om utlegging av eit nytt anlegg på lokalitet Jibbersholmane. Vi syner her til vårt brev av 26.05.2014. Noverande søknad gjeld utviding MTB utan vidare endring av arealbruk, og vi har ingen vidare merknader i høve til konfliktpotensial med utøving av fiske.

Marint miljø

Fiskeridirektoratet har ansvar for å følgje opp akvakulturanlegg i driftsfasa, mellom anna anlegga sin påverknad på det marine miljø.

Det har vore drift på lokalitet Jibbersholmane sidan 2001. Miljøtilstanden under og i nær sona til anlegget har vore passa på gjennom MOM undersøkingar (etter NS 9410) og er blitt rapportert til Fiskeridirektoratet. Resultat frå undersøkingane som har vore gjennomført i driftsfasa har vist ein stabil utvikling. Siste rapport datert 22.08.2014 konkluderte med tilstandsklasse 1 (null biomasse på anlegget) på lokaliteten. Tidlegare undersøking datert 2010 syner tilstand 1, 2011 syner tilstand 2, 2012 syner tilstand 1, 2013 syner tilstand 2 og 2014 syner tilstand 1. Det er klar trend å sjå, ved biomasse topp får lokaliteten tilstand 2, og etter brakklegging er tilstanden tilbake til 1.

Vi kan gå inn for utviding av MTB på lokalitet Jibbersholmane, men ynskjer å kome med innspel til utføring av MOM-undersøking. Vi gjer merksam på tidsintervallet for gjennomføring av miljøundersøkinga, og syner i denne samanheng til §§35-36 i akvakulturdriftsforskrifta. Siste miljøundersøking ved lokalitet Jibbersholmane vart gjennomført 22.08.2014. Jf NS-9410 skal neste MOM B utførast ved biomassetopp og før utsett med økt MTB til 3620 tonn. Denne undersøkinga er viktig for å få ein 0-refreranse til miljøtilstand på lokaliteten før neste utsett skjer etter utviding til MTB 3620 tonn.

Med helsing

Kari Morvik
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd elingen	6025	ÅLESUND
Radøy Kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN